



Saksbehandler: Olav Fykse Tveit

Saksdokumenter

Rapport frå representantskapsmøte i Kirkens Nødhjelp, Molde 20.-21. april 2007 (*vedlagt*)

## Rapport fra møte i KNs representantskap 20.-21. april 2007

### Forslag til vedtak

Mellomkirkelig råd tok rapporten fra representantskapsmøte i Kirkens Nødhjelp 20.-21. april 2007 til orientering og vil bemerke følgende:

.....





# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

Rapport nr. 21/2007

### Rapport frå representantskapsmøte Kirkens Nødhjelp, Molde 20.04.- 21.04.2007

frå generalsekretær Olav Fykse Tveit

#### Generelt om møtet

Representantskapsmøtet var eit godt og innhaldsrikt møte for dei institusjonane som er representerte som eigarar i dette møtet. Molde hadde vakre rammer å by på. Biskop Odd Bondevik hadde ei svært tankevekkjande opning om at det einaste temaet som direkte er relatert til uttrykket ”bekjennelsestrosskap” i dei paulinske breva, er det som vert sagt om innsamlinga for å støtte dei fattig i Jerusalems-kyrkjelyden. Det var elles ei fin samlingsstund med eit ung jentekor i Domkyrkja på fredags kveld, og Frelsesarmeens stilte sine lokale til disposisjon for samlinga på laurdag. Elles var møtet på Hotel Aleksandria. Vi hadde ikkje så mykje innslag frå det lokale bispedømmet, så ein kan spørje kor mykje KN kan få meir ut av denne regionale turneen på representantskapsmøta.

Styreleiar Liv Berit Carlsen (som har fungert det siste året under Thor Bjarne Bores sjukdomspermisjon,) gav eit vel gjennomtenkt bidrag til forståing av KNs oppdrag, og ho og generalsekretær Atle Sommerfeldt hadde to gode og opnande innleiingstalar. Det vart bretta ut ein del synspunkt og utfordringar til KN frå den aktuelle situasjonen i media, i kyrkjelandskapet og i det internasjonale økumeniske samarbeidet. Korkje leiar eller nestleiar for MKR hadde høve til å møte, og det var nokre forfall frå bispedømma og frå den samiske representanten.

Thor Bjarne Bore vart takka av for sin store innsats for KN, for rettferd og for den allmenne kunnskap og engasjement for alt KN arbeider med i den offentlege debatt. Bore sjølv svarte med å seie at han hadde vore privilegert som hadde fått ei slik oppgåve, og at det var den mest meiningsfulle oppgåva han hadde hatt. Liv Berit Carlsen vart takka for sin flotte innsats dette siste året. Ho held fram som styremedlem.

Representantane frå Dnk tok aktivt del i møtet, både dei KM-valde og bispedømme-representantane. Ungdomsrepresentant Gunhild Hermstad hadde fleire innlegg som vart lagt positivt merke til.

#### Utfordringar for KN

Fyrste del av møtet var prega av ein open og direkte samtale om KN i lys av dei område som eigarane har særleg interesse og kompetanse på.

Frå mi side og frå Sissel Hodne Steen vart det reist spørsmål om kven KN samarbeider med ute. Hodne Steen spurte særleg etter informasjon i årsrapporten, og understreka at dette er også viktig for representantskapet. For min eigen del tok eg opp kor mykje respons eg får frå kyrkjelege partnarar rundt ikring i verda, som uttrykkjer kor viktig KN er som partnar nettopp for kyrkjene for at dei skal kunne vere truverdige diakonale kyrkjer i sin eigen kontekst. Det er eit kall for oss som eigarkyrkjer å vere kyrkjer som driv med kyrkjeleg nødhjelp i vid forstand saman med kyrkjene vi er i fellesskap med, og KN er eitt av dei viktigaste reiskapane vi har i så måte. Å byggje opp det sivile samfunn er ein svært viktig del av langsiktig

bistandsarbeid, og det å gjere kyrkjene i stand til å fylle si rolle i sivilsamfunnet er å støtte institusjonar og nettverk som ofte har lange tradisjonar og enormt nedslagsfelt. Difor må diskusjonen om partnarval for KN få fram dette, og det er ikkje i motsetnad til behov for å skjerpe kravet til kompetanse hos samarbeidspartnarane. Eg fekk mykje respons på desse synspunkta frå andre kyrkjer sine representantar, og frå fleire frå vår kyrkje som helste ei slik tenking velkommen. Kirkens Nødhjelp er i seg sjølv ein svært viktig del av den kyrkjelege profilen vi ynskjer å ha som kyrkjer i Noreg, og som del av eit økumenisk fellesskap.

Elles vart det teke opp frå ulike hald korleis dei kritiske oppslaga til KN har fungert. Sommerfeldt og Carlsen understreka at KN har vald å vere heilt opne om underslag og korrupsjon hos nokre medarbeidarar og hos samarbeidspartnarar, og fekk støtte på det. Fleire var urolege for den konflikten som har vore med bondeorganisasjonane i Noreg, og fann den uheldig. Sommerfeldt svarte at KN må våge å utfordre og provosere, men merka seg det som vart sagt. Rett før møtet vart det dratt opp ein debatt om KN sitt syn på abort, ikkje minst frå Normisjons generalsekretær. Den organisasjonen var representert ved Knut Bjarne Nordhaug, og han framførte i noko moderert form ei forventning om at KN sto på eit tradisjonelt kristent syn på livet som eitt frå unnfanging til grav. Representanten frå Frikyrkja, D. Stark, understreka at KN ikkje måtte undergrave tilliten ved å så tvil om kvar ein sto. Andre, m.a. S. Volden frå Tunsberg, mante til realisme og livsnær omtale av dei problem KN møter i sitt arbeid mellom verda sine fattige, ikkje minst presset til å ta illegal og livsfarleg abort. Stig Lægdene bad KN vere annleis enn forventa av ein kyrkjeleg organisasjon i ei sak som dette, og støtte kvinner i sin rett til å bestemme over eigen kropp. Samtalen enda med at generalsekretären slo fast at ein samtale om abort må starte der Nordhaug var, men innebere at ein skal spørje kva dette tyder i den verda der KN skal tene alle menneske i den situasjonen dei er. Det vart peika på at KN her kunne bidra med viktige perspektiv til den norske refleksjonen om abortspørsmåla også, utan at det er grunn til at KN skal gjere abortspørsmålet til ei sak ein profilerer seg på.

## **Val av ny leiari og nye styremedlemer**

Møtet valde ny styreleiari, ettersom Thor Bjarne Bore hadde meldt at han ynskte å gå av med omsyn til helsa før perioden hans var omme. Det var også nyval på ein god del av styremedlemene. Domprost Dag Nordbø hadde trekt seg utanom tur.

Det var to leiarkandidatar, begge svært godt kvalifiserte og rutinerte leiurar: Frank Grimstad, direktør i KA, og Inger Johanne Wremer, seniorrådgjevar i HSH (tidlegare direktør der). Dei vart presenterte ved videointervju. Sissel Hodne Steen heldt eit innlegg som understreka både Grimstad og Wremer sine kvalifikasjonar, men peikte særleg på Wremers CV-punkt som fullgode og viktige for KN, både nasjonalt og internasjonalt, og konkluderte med at når ein no hadde høve til å velje ei kvinne for ein full periode og ved ordinært val for første gong i KNs historie, burde ein gjere det. Det var ingen andre innlegg. Wremer fekk 19 stemmer, Grimstad 1. Grimstad fekk 19 stemmer som styremedlem, og vart vald inn i styret saman med Kjersti Lindøe. Liv Berit Carlsen vart attvald.

Det er eit godt og breitt kvalifisert styre med god kyrkjekunnskap, god kompetanse på leiing og økonomi, litt – og sikkert nok – om bistand, og litt kompetanse om internasjonalt arbeid.

## **KNs 60-årige historie**

Halve laurdagen var sett av til eit svært interessant seminar med Aud Tønnesen, der ho presenterte si bok om KNs 60-årige historie. Dette vart kommentert frå fleire hald som eit viktig innslag i norsk kyrkjhistorie. Boka er poengtert og godt gjennomarbeidd, og viser dei

viktige utviklingstrekka og dei viktige temata i historia, utan å vere sjenerande komplett på detaljar. Boka er svært lesverdig, og drøftinga t.d. om forholdet mellom misjon og bistand vart kommentert. KN er ein viktig del av MKRs engasjement, og det er mange viktige debattar som har gått inni MKR sine, både før og no. Tønnesen har vore sjølvstendig i arbeidet sitt, men samtidig sett seg godt inn i organisasjonen sitt arkiv og debattar – frå innsida.

## Prinsippdokumentet for KN

Siste del av laurdagen var sett av til diskusjon om KNs tiårige prinsippdokument som skal reviderast før neste representantskapsmøte. Dette er nok det viktigaste styringsdokumentet for eigarane. Det er framleis godt og aktuelt, og legg mange føringar som har vorte viktige for både KN og andre kyrkjelege aktørar. Eg var beden om å halde eit innlegg om dokumentet og la vekt på følgjande:

- KN leverer både viktig refleksjon og godt begrunna handling. Men eigarane må vere aktivt med i diskusjonane om kva prinsipp KN arbeider etter, teologisk, politisk og strategisk i forhold til val av partnarar. Difor bad eg om at det vert ein reell diskusjon om justering av dokumentet til neste møte, og fekk lovnad om at administrasjonen og styret skulle legge opp til det. Representantskapet skal vedta dette dokumentet.
- Dokumentet er viktig for utvikling av kyrkjelege strategiar for internasjonal diakoni, og eg takka generalsekretær Sommerfeldt for hans bidrag til refleksjonsnivået i norsk kyrkjeliv om dette over mange år.
- KN må vere meir profilert økumenisk, og val av samarbeidspartnarar er meir enn spørsmål om kva som er mest hensiktsmessig på kort sikt. KN skal bidra til å utvikle det store kyrkjefellesskapet sin evne og vilje til å handle diakonalt, og difor er KN si rolle i og overfor dei økumeniske organisasjonane svært viktig. Eg utfordra dei andre kyrkjesamfunna til også å gje KN eksplisitte signal i så måte, i høve til deira internasjonale samarbeid.
- Religionsdialog og nye utfordringar frå klimaenderingane må reflekterast inn i dokumentet.

